



Det Kongelige Kunnskapsdepartement
Pb 8119 Dep
0032 Oslo
postmottak@kd.dep.no

Arkivkode
&13

Dykkar ref.
THA

Dato
14.12.2014

HØYRINGSUTTALE VEDR. FORSLAG TIL ENDRINGAR I PRIVATSKOLELOVEN (NY FRISKOLELOV)

Styret i Kjølssdalen Montessoriskule SA ønskjer med dette å komme med følgjande uttale vedrørande forslag til endringar i privatskoleloven (ny friskolelov), jf. utsendte forslag av 17.10.2014.

Punkt 2 – Lovtittel:


Vi meiner at ein endring i klassifiseringa av typar skule, og dermed namnet på loven gjer det tydelegare kva som er skiljet mellom skular *med* og *utan* rett til statstilskot. Vi stettar difor denne endringa.

Punkt 10.5 – Elevtall

I følgje departementets vurderingar står det at realisering av mål som å utvikle sosial kompetanse, følelse av høyre til og fellesskap krev «ein viss storleik» på skulen. Departementet sine vurderingar seier elles at eit høgare tal lærarar vil bidra til betre fellesskap på lærarsida – både faglig og elles. I tillegg til å styrke læringsmiljøet og gi auka læringsutbytte for elevane. Dette er vurderingar som ikkje blir dokumentert i notatet frå departementet. Vi meiner at dette punktet er for svakt dokumentert til at ein kan gjere eit så konkret endring i lova, som vil få heilt avgjerande konsekvensar for om lag 40 skular i Noreg. Vi er heilt einige i siste vurderinga frå departementet som gjev erfaring frå tilsyn grunn til å sjå på organiseringa av tilpassa opplæring eller spesialundervisning på små skular, men vi meiner at tilsyn i alle tilfelle bør avdekke lov- og regelbrot og at enkeltskulene som ikkje klarar å oppfylle krava (om dei er store eller små) må ta konsekvensane av dette, og ikkje ein gruppe med skular av «ein viss storleik», der mange av desse har eit godt fellesskap faglig og elles på lærarsida, har eit særst godt læringsmiljø og høgt læringsutbytte for elevane. Dei har gjerne óg ein god og trygg organisering av både tilpassa opplæring og spesialundervisning som gjer at enkelteleven får det tilbodet som den har krav på. Vi meiner difor lova må stå uendra på elevtall.

Styret i Kjølssdalen Montessoriskule SA
v/styreleiar Ove Kjølssdal
Dagleg leiar i Kjølssdalen Montessoriskule SA


Ove Kjølssdal, styreleiar


Thomas P.R. Hals, dagleg leiar